

Protokoll frå årsmøte i Spelemannslaget De frilynde i øvingslokalet på Hebekk skole onsdag den 12. januar 2011 kl. 18.30.

Leiaren opna møtet.

Desse møtte: Lene Meum, Vegard Hedenstad, Egil Hammermo, Oskar Fevåg, Tanja Wilhelmsen, Sissel Berge, Sigurd Gjerde, Helge Slyngstad, Bjørn Sæves og Nils Seland.

Sak 1: Innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste var send ut 18. des. 2010.

Vedtak: Innkalling og sakliste blei godkjent og møtet sett.

Sak 2: Lene Meum blei valt til møteleiar og Nils Seland blei valt til referent.

Sak 3: Årsmelding. Sekretæren las opp og kommenterte årsmeldinga.

Vedtak: Årsmeldinga blei godkjent.

Sak 4: Rekneskap. Kasseraren leverte ut kopi og gjekk gjennom postane.

Samla beholdning pr. 31/12-2010 er kr. 24.741,90

Speleinntekter i meldingsåret har vore kr. 18.400,-

Tilskot til vaksenopplæringstiltak for haustsemesteret 2010 er ikkje med i rekneskapen.

Det er betalt eit depositum til Oppdal Gjestetun stort kr. 9.950,- for losji under Landsfestivalen til sommaren. Dette skal tilbakebetalast av deltakarane i 2011.

Nils Seland får ei årleg godtgjersle som musikalsk leiar til dekking av reiseutlegg stor kr. 5.000,-.

Merknad frå sist årsmøte: Styret bør utarbeida årsbudsjett og rekneskapen settast opp i tråd med det, slik at driftskostnadar- og inntekter i rekneskapsåret kjem tydelegare fram.

Vedtak: Rekneskapen godkjent.

Sak 5: Vedtektsendring som gjeld signatur/prokura. (ein formalitet som

Brønnøysundregisteret krev for at laget skal vera med i Frivillighetsregisteret)

”6. Signatur og prokura

Styret i fellesskap har signaturrett for laget i alle saker. Styreleder har prokura for alt som gjelder vanlig drift i laget, med unntak av saker som gjelder pantsettelse og fast eiendom.”

Vedtak: Samrøystes vedteke.

Sak 6: Skal De frilynde ta initiativ til organisering av eit områdelag i FolkOrg for Storosloregionen? (Forslag frå Nils. Formelt er det nå muleg at SAFFA kan bli eit slikt områdelag. Det er ingen økonomiske konsekvensar knytta til eit vedtak.)

Vedtak: Årsmøtet sluttar seg til at laget tek eit slikt initiativ.

Sak 7: Valg

Styreleiar: Lene Meum. (gjenvalg)

Styremedlem og kasserar: Oskar Fevåg (ikkje på valg)

Styremedlem og sekretær: Nils Seland (ikkje på valg)

Revisor: Helge Slyngstad (gjenvalg)

Festkomité: Blir valt etter behov.

Noteutvalg: Nils Seland, Sigurd Gjerde og Hilde Tannum.

Valgnemnd: Egil Hammermo (formann), Tanja Wilhelmsen.

Ski den 12. januar 2011



Nils Seland
referent